

# Reglar ved og på bussen

Desse reglane er først og fremst laga for å sikre mot skader og ulukker. Alle brot på reglane kan føre til farlege situasjonar både for deg sjølv og andre.

1. Før bussen kjem: Hald god avstand til stoppeplassen og gå ikkje fram mot bussen før han har stoppa heilt opp.
2. Når bussen har stoppa: Still roleg i kø og vent på tur til å gå inn i bussen.
3. I bussen:
  - Finne deg eit ledig sete og sit der til bussen har stoppa heilt og du skal av.
  - Du brukar berre eit sete. Føtene skal vere på golvet, og ranselen har du på fanget eller framføre føtene dine.
  - Sjøføren treng ro for å køyra trygt. Det er difor viktig at det ikkje er skriking, slåssing eller anna bråk under køyringa.
4. Når du går av bussen: Vent til bussen har stoppa heilt opp før du reiser deg. Gå roleg ut, utan å trenge deg på om det er fleire som skal av.

## Kva skjer om du bryt reglane?

- Første gong: Du får først ein advarsel av sjåføren med melding til skulen og heimen.
- Andre gong: Du vert køyrd heim, men får ikkje fylgja bussen på ei veke. Foreldra dine må ordna skyss.

NB! Ved særleg grov overskriding, ingen advarsel .

Hugs: Dette er reglar som er laga for at ALLE skal ha det trygt på bussen!